

Frå: Ivar Kåre Døssland[ivarkare.dosslan@outlook.com]

Sendt: 06.11.2024 20:55:45

Til: Leif Ove

Mikkelsen;Post[leif.ove.mikkelsen@kvinnherad.kommune.no;post@kvinnherad.kommune.no]

Kopi: Ove Lemicka @sundeprosjekt.no[post@sundeprosjekt.no];

Tittel: VS: Løesaka

Fra: Ivar Kåre Døssland

Sendt: onsdag 6. november 2024 20:14

Til: stale.richardsen@gmail.com

Emne: Løesaka

Hei!

Viser til Dykkar tilbod om møte for gjennomgang av Synnøve Handeland sin byggtkniske rapport, og tlf. samtale i går ettermiddag, der De og viste til siste utvikling i saka.

Tilbodet om møte kom før rapporten var ferdigstilt. Eg har kommentert grundig både bilder og rapport. Kommentar til bilder ligg på postlista, kommentar til rapport ligg lagra på PC heime. Advokat Lars Selmar Alsaker og siv. Ing. Andre Bjøndal har gjort sine kommentarar som ligg på postlista, og med konklusjon: « Å fremme byggesak på grunnlag av Synnøve Handeland sin rapport er i strid med både korrekt juss og faktum».

I denne omgang, og etter det nye opplegget til kommunedirektør/ordfører, ser vi ikkje nokon grunn til å filleriste rapporten meir enn det som er gjort. Det stiller seg anleis om rapporten blir brukt i den nye prosessen.

Det er viktigare å få til eit godt grunnlag for å få saka avslutta på ein tillitsfull og forvaltningsmessig forsvarleg måte. Med det meiner eg ein rapport som er basert på at faktiske bygningsmessige tilhøve, er vurdert opp mot søknadsplikt av ein godt kvalifisert og, upartisk byggtknisk fagkunnig konsulent.

Det er gjennomført to tilsyn saman med tiltakshavar, der eit fleirtal av kompliserte byggtkniske tiltak hverken er omtalt , eller vurdert i tilsynsrapport. Ettersom kommunedirektør/ordfører omtalar det skisserte opplegget som ein uvanleg framgangsmåte, meiner vi at det bør vere eit krav frå ordfører/kommunedirektør at både tiltakshvar og nabo får delta under synfaringa, for å passe på at alle aktuelle tiltak vert registrert, og vurdert denne gongen.

Med venleg helsing!

Ivar Kåre Døssland